

Referat styremøte i Meland Frivilligsentral

Møtedato: 04.06.2014

Møtestad: Meland Frivilligsentral

Møtetid: Kl. 14.30 – 15.10

Tilstades: Kåre Skibenes, Audun Håland, Kjersti Monsen, Helge Kvam, Nina Randal

Forfall: Nils Marton Aadland

16/14 Innkomne saker til Årsmøtet i Meland Frivilligsentral 2014.

Valnemnda til Meland Frivilligsentral sitt styre – fremjar sak til Årsmøtet om endring i reglane for styresamansetjinga.

Uttale frå styret til saka:

Styret i Meland Frivilligsentral er positiv til at styret blir utvida frå fem til seks medlemmer, der det nye medlemmet er representant frå eit lag/organisasjon i Meland.

Styret rår til følgjande endringar i vedtektene:

1. Frivilligsentralen har eit styre på 6 medlemmer. Styret konstituerar seg sjølv og vel leiar og nestleiar for 2 år om gongen. Leiar har dobbelstemme ved likt stemmetal.

Styret er slik samansett:

3 frå kommunen – 2 politikarar og 1 frå administrasjonen i kommunen.

3 vald frå frivillige organisasjonar i Meland.

Representantane frå organisasjonane vert vald for 2 år.

2. Under punktet Organisasjon i vedtektene blir teksten oppjustert frå:
«Sentralen er organisatorisk plassert under Kultur og oppvekst. Kommunalsjef ved avdelinga har personalansvar for tilsette ved sentralen.»

Til:

Sentralen er organisatorisk plassert under tenesteområde Kultur. Leiar for tenesteområde Kultur har personalansvar for tilsette ved sentralen.

Under punktet Økonomi vert teksten oppjustert frå:

«Dagleg leiar skal i samråd med Kultur og oppvekst utarbeide framlegg til budsjett og leggja det fram for styret.»

Til:

Dagleg leiar skal i samråd med tenesteområde Kultur utarbeide framleg til budsjett og leggja det fram for styret.

Ref.

Nina Randal